



Det vart ein alt anna enn triveleg sesongstart for skeisemosjonistane på Fjellandsbøvatnet denne helga.

Den svært sure vinden har heldt fram i dag og ettersom det har vore 6 grader vart det ei kald oppleving.

Men isen er snart 20 centimeter tjukk og altså svært sikker.

Tross vertilhøva er det mykje som tyder på at rundt rekna 50 har vore på vatnet og utfalda seg i dag.

To av dei som heldt ut lengst - faktisk bortimot 3 timar - var Åshild og Edda

Bjørnebøle frå Omvikdalen som slappar av etter skeiseinnsatsen på biletet over.

Også i deira dal er det fine skeisetilhøve no, men denne helga vart det altså ein Uskedalstur.

Biletet under: Berre eit fåtal var att på vatnet ved 14-tida.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

